

## **Regional plan for vassforvaltning – Høyring og offentleg ettersyn av planprogram og hovudutfordringar for 2022 – 2027 og Handlingsprogram for 2019 – 2021**

**Melding om oppstart - Gjeldande vassforvaltningsplan 2016-2021 skal reviderast og vil gjelde for 2022 -2027. Planen vil gjelde for ny Vestland vassregion. I samband med dette er det utarbeidd høyringsutkast til planprogram og hovudutfordringar i vassregionen. Det er og utarbeidd eit høyringsutkast til nytt handlingsprogram for 2019 – 2021 for gjeldande vassforvaltningsplan for Hordaland.**

### **Regional plan for vassforvaltning 2022 - 2027 – høyring av plandokument**

Regional plan for vassforvaltning (vassforvaltningsplanen) gjeld for planperioden 2016-2021. Vi set no i gong arbeidet med revidere planen. Revidert plan skal gjelde for 2022 – 2027. Vassregionane Sogn og Fjordane og Hordaland er planlagt slegne saman til Vestland vassregion frå 1.januar 2020. Revidert vassforvaltningsplan vil gjelde for Vestland vassregion. På bakgrunn av dette er det no utarbeidd eit felles planprogram for vassregionane Hordaland og Sogn og Fjordane, dvs. for ny Vestland vassregion. Utforming av eit planprogram er fyrste formelle grep i arbeidet med å utarbeide ein revidert plan. Høyringsutkastet til planprogram ligg på **[vannportalen.no/vannregioner/hordaland](http://vannportalen.no/vannregioner/hordaland)**.

### **Høyring av hovudutfordringar:**

Det er og utarbeidd hovudutfordringsdokument for kvar av vassregionane i Sogn og Fjordane og Hordaland og for alle vassområda. Hovudutfordringsdokumentet gjev ei oversikt over kunnskapsgrunnlaget til planen og hovudutfordringar i vassregionen. Kunnskapsgrunnlaget er henta frå databasen Vann-nett ([www.vann-nett.no/portal](http://www.vann-nett.no/portal)). Det er her mogleg å ta ut rapportar frå vassregionen, vassområda, eller kvar enkelt vassførekomst m.m. Høyringsutkast på hovudutfordringar i Hordaland ligg på: **[vannportalen.no/vannregioner/hordaland](http://vannportalen.no/vannregioner/hordaland)**.

Ein oppdatert vassforvaltningsplan for Vestland vassregion med tilhøyrande tiltaksprogram vert send på høyring hausten 2020. Revidert vassforvaltningsplan vil bli utarbeidd i samsvar med nasjonale retningslinjer for arbeidet. Desse var ikkje tilgjengeleg når høyringsutkast til planprogram og hovudutfordringar vart utarbeidd. Dei ligg no føre og er lagt ved som vedlegg. Meir informasjon om dei nasjonale føringane finn du på

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/vassforvaltning/id2633068/>

### **Regional plan for vassforvaltning 2016 – 2021.**

Gjeldande vassforvaltningsplan for Hordaland har eit handlingsprogram for 2016 – 2018. Handlingsprogrammet er no oppdatert for 2019 til 2021 og er no lagt ut på høyring og offentleg ettersyn. Mindre endringar er gjort i forhold til handlingsprogrammet for 2016 -2018.

### **Høyring:**

Fylkeskommunane har vedteke å leggje planprogram og hovudutfordringar for planperiode 2022 – 2027 og Handlingsprogram for 2019 – 2021 ut på høyring og offentleg ettersyn jf. plan – og

bygningslova §§ 4–1, 8-1, 8–3. Høyringsperioden er sett til 1. april til 30. juni 2019. Det er utarbeidd skjema for høyringsinnspel. Bruk gjerne desse når du kjem med høyringsinnspel. Her er høyringsspørsmåla lista opp. Vi tek og i mot innspel utforma på andre måtar, t.d. brev, e-post og liknande. Alle har høve til å uttale seg i høyringa, kommunar, sektorstyresmaktar, lag og organisasjonar, privatpersonar m.m. Medlemar av vassregionutvalet og regional referansegruppe får gjennom dette brevet dokumenta tilgjengeleg. Alle dokumenta finn du på Vannportalen.no ved å følgje denne lenka:

<http://www.vannportalen.no/vannregioner/hordaland/plandokument/plandokument---pa-hoyring-i-2019/>

Frist for høyringsinnspel er **30. juni 2019**.

som bes sendast til: Hordaland fylkeskommune, boks 7900, 5020 Bergen

epost: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no). Kontaktperson: [Sveinung.Klyve@hfk.no](mailto:Sveinung.Klyve@hfk.no)